

Årsplan

2025/2026



Open, engasjert og modig

Verksemd Ålesund Midtre: Fagerlia barnehage, Rabbevågen barnehage, Lerstad barnehage, Ratvikåsen barnehage, Fremmerholen barnehage og Nørve barnehage.



Innhald

Føremålet med barnehagen sin årsplan.....	4
Årsplanen sin funksjon	4
Barnehagen sitt samfunnsmandat.....	5
Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund.....	6
Barnehagen vår.....	5
Visjon	12
Verdiar	13
Barnehagen sitt innhald	14
Barnehagen sine satsingsområder	20
Barns medverknad.....	21
Samarbeid.....	22
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	22
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar.....	23
Tieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt.....	24
Overgangar.....	24
Når barnet byrjar i barnehagen	24
Overgongar i barnehagen.....	25
Overgangen mellom barnehage og skule	26
Barnehagen som pedagogisk verksemd	27
Planlegging.....	27
Vurdering.....	28
Dokumentasjon	29
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.....	30
Aktivitetsplikten Barnehagelova §41, 42 og 43	31
Arbeidsmåttane til barnehagen.....	33
Progresjon.....	33
Fagområda.....	41
Årshjul.....	42
Kjelder	44

Førmålet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på IST-Home til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndigheitene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.


Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund



Fagerlia barnehage

Barnehagen vår

Fagerlia barnehage finn du øvst i Fagerlibakken, der turstien mot Fjellstua startar. Uteområdet er ein flott leikeplass over fleire nivå. Rett utanfor gjerdet har vi mange moglegheiter for leik, utforsking og fysisk aktivitet på byfjellet Aksla. Der har vi også et område førskulebarna bruker som base, med eit tretelt og ein lavvo som begge har innlagt straum. Her testar barna grenser, nye ting læres og kreativiteten får utfolde seg! Ved treteltet er det ein flott akebakke om vinteren.

Barnehagen er godkjend for 98 barnehageplassar. Dette utgjer i dag 73 barn frå 0 til 5 år. Barn under 3 år opptek 2 plassar kvar.

Barnehagen oppfyller både bemanningsnorm og pedagognorm.

I Fagerlia barnehage er barna fordelt på fire avdelingar:

- På Killingen går 1-2 åringane. Dei held til i byggets første etasje, og har eigen leikeplass der. Dei besøker dei større barna sin leikeplass innimellom.
- På Bukken og Geita, i husets hovudetasje, går barn frå 2-4 år.
- Solstua er friluftsgruppa, der går 5-åringane. Dei er ute heile dagen, året rundt.



Sjukdom

Dersom barnet er sjukt eller har fri, gi oss beskjed så tidleg som mogleg. Barnet skal ikkje vere i barnehagen med feber, smittsam barnesjukdom, eller oppkast/diaré.

- Feber: Barn med feber skal ikkje vere i barnehagen. Kommunelegen anbefaler ein feberfri dag før barna kjem i barnehagen igjen.
- Diaré og oppkast: Dette er veldig smittsamt, og vi oppmodar til at barnet blir holde heime i 48 timer etter at diaré/oppkast har stoppet.

NB! Ta omsyn til barnets allmenntilstand før det kjem tilbake til barnehagen etter sjukdom. I barnehagen er det mange barn og eit anna aktivitetsnivå enn heime.

Dersom barnet blir sjuk når det er i barnehagen kontaktar vi foreldra. Det er derfor viktig at foreldre er tilgjengelege på telefon. Om de av ein eller annan grunn er utilgjengeleg for oss, gje oss då tlf.nr. til en annan vi kan kontakte om barnet skulle bli sjuk, skade seg etc. NB: Gje alltid opp nye telefonnummer til barnehagen.

Levering og henting av barn

Vi nyttar IST-Home-appen for å registrere barna når dei kjem til barnehagen og når dei vert henta. I appen ligg opphaldsplan, oversikt over når barnehagen er stengt, og informasjon frå avdelinga/barnehagen.

På grunn av sikkerheit må foreldre ta kontakt med personalet på si avdeling når barnet kjem om morgonen og når det vert henta på ettermiddagen, slik at dette vert registrert. Dersom barnet kjem seinare enn 09.30 skal vi ha beskjed. Vi vil også ha beskjed om barnet har fri eller er sjuk. Vi ber om at de ringer til barnehagen eller sender SMS for å informere om dette, ikkje via e-post. De kan og melde fråvær inn i IST-Home-appen, og meld i tillegg frå til barnehagen om det gjeld feber, oppkast eller andre smittsame sjukdomar.

Facebook-side

Foreldre og personale i barnehagen har ei lukka Facebook-side som nyttes til å dele informasjon om dugnader, planleggingsdagar, bilde frå arrangement i barnehagen o.l. Foreldre som har barn i barnehagen blir invitert til å delta, eller kan sende førespurnad. Sida heiter: «Fagerlia barnehage – foreldre og ansatte».

Fagerlia barnehage på Instagram

På Instagram – Fagerliabhg - finn dykk bilde frå aktivitetar, prosjekt og turar. Der ønsker vi å gje dykk eit bilde av kvardagslivet i Fagerlia.

Nettvett

På grunn av vårt etiske ansvar, skal ikkje bilde av barna som blir tatt i ulike samanhengar i barnehagen, bli lagt ut på sosiale media. Dette gjelder når det er andre enn ditt barn på bilde.

Ferieavvikling for barna

Etter gjeldande vedtekter skal kommunale barnehagar stenge tre veker om sommaren, som hovudregel dei tre siste vekene i juli. Kva veker som er stengt skal gå fram av barnehageruta. Alle barn må ta ut fire veker ferie i tidsrommet 15.06.-14.08.

Barnehagen si opningstid.

Barnehagen er open alle kvardagar frå klokka 07.00-17.00. Barnehagen er stengt julaften og nyttårsaften, og stenger klokken 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

Merking av tøy

Alle klede, sko/støvlar og smukk/kos skal merkast med namn.

Mat i barnehagen

I Fagerlia barnehage er måltida viktige stunder for å samlast og skape gode relasjonar. Vi ønsker å skape positive opplevingar og involverer barna i førebuing og opprydding. Daglege måltid i barnehagen gir gode moglegheiter for læring på mange områder som for eksempel språk og samspel med andre. Vi følger Helsedirektoratet sine nasjonale retningslinjer om mat og måltid i barnehagen.

Alle som ønsker det, har med eigen frukost i barnehagen. Vi oppfordrar til sunn og næringsrik mat, som gir energi over lengre tid, f.eks. kornprodukt, grovbrød, meieriprodukt, bær, frukt og grønnsaker. Ta med drikkeflaske for vatn som barnet kan ha i barnehagen.

Til lunsj serverer vi grovt brød eller heimebakte rundstykke med eit variert utval av pålegg og grønnsaker. Vi serverer også graut med frukt og bær.

Vi serverer mjølk eller vatn til måltida.

Ein dag i veka serverer alle avdelingane varm lunsj. Vi er opptatt av at maten skal være næringsrik og variert, slik at barna



får moglegheita til å prøve nye smaker. Vi serverer mykje fisk og fiskemat. Vi varierer med bønner, linser, pasta, ris og forskjellige grønsaker. Vi serverer også kjøttvarer. I Solstua lager dei varmmat ute fleire dagar i veka.

Bursdagsfeiring: Bursdagen til eit born er ein stor dag, og vi ønsker å gjere ekstra stas på barnet denne dagen med ei feiring som setter barnet i fokus!

Vi feirar alle bursdagar i barnehagen med krone og eiga bursdagssamling! Barnehagen har laget en egen bursdagsmeny, med 3-4 varmretter som bursdagsbarnet kan velge mellom. Bursdagslunsjen kjøper barnehagen inn. Det er ikkje anledning for å ta med is, kake eller liknande heimanfrå, då vi ønsker at alle skal få det same tilbodet på sin bursdag.

Barnehagen si dagsrytme:

07.00	Barnehagen opnar.
07.00-08.45	Frukost
09.00	Morgonmøte for barna
09.00-11.00	Aktivitetar ute/inne
11.00-11.30	Bleieskift/toalettbesøk/handvask
11.30-12.00	Lunsj
12.00-14.00	Sovetid/kviletid/uteleik
14.00-14.30	Bleieskift/toalettbesøk/handvask
14.30	Fruktmåltid
15.15	Frileik inne/ute

Vi legg til rette for måltid og sovetider slik at det vert best mogleg for barna.

Visjon

Visjon i Fagerlia barnehage:

***Vi vil gi barna tru, mot og styrke til å ta vare
på seg sjølve og andre.***

I Fagerlia barnehage handlar det om at barna får kunnskap og forståing som gjev dei tru på egne evner. Vi oppmuntrar barna til å tørre å prøve sjølv når det er utfordrande. Vi arbeider for å skape eit trygt miljø der det er lov å gjere feil, og der feil vert sett på som ei moglegheit til læring. Gjennom å gje barna strategiar for problemløysing og oppmuntre til å stille spørsmål og utforske egne idear, byggjer barna mot til å ta på seg nye utfordringar. Det handlar om å utstyre dei med verktøy og tenkemåtar slik at dei kan takle oppgåvene sjølv, i staden for at vaksne alltid skal finne løysningar for dei. Barna blir meir uavhengige og føler meistring når dei klarar å løyse problema sjølve.

I praksis må vi møte barna med anerkjenning og tillit, slik at dei får trua på seg sjølve. Vi gjev dei rom til å ta eige initiativ, og let dei utforske på eiga hand slik at dei kan oppleve meistring i ulike situasjonar. I barnehagen får barna moglegheit til å delta i praktiske oppgåver, dei trenar på å bli sjølvhjelpet med påkledning, dei trenar på å halde orden i egne saker og leikar, og dei må lære å dele med andre og vise omsyn. Gjennom desse erfaringane vert barnas empati og evne til å vise omsorg styrka.

Styrke er knytt til utvikling av sosial kompetanse og forståing av eigen identitet. Vi arbeider med å styrke barnas evne til å reflektere over egne handlingar, kunne forstå konsekvensar og ta gode val. Vi arbeider for at barna skal utvikle indre motivasjon og tru på at dei kan meistre det dei sette seg føre.

Verdiar

Verdiar i barnehagen handlar om dei grunnleggande prinsippa og haldningane som styrer korleis barn, tilsette og foreldre samhandlar og oppfører seg. Verdiar påverkar korleis ein skaper eit trygt, inkluderande og utviklande miljø for barna.

Nokre sentrale verdiar for oss i Fagerlia barnehage:

Omsorg: Vi har stort fokus på tilvenning, trygghet og gode relasjonar mellom barn og vaksne.

Respekt: Vi viser respekt og omtanke for barna, og respekterer barnas rettigheter, meningar og ulikheiter.

Likeverd og inkludering: Vi arbeider for å fremme barna sin eigenverdi slik at dei kan ta vare på seg sjølv og andre. Dette gjer vi bl.a. i samlingsstunder der vi lyttar til deira tankar og let dei få kome med innspel. Alle barn skal ha like moglegheiter uavhengig av bakgrunn, funksjonsevne eller andre forskjellar.

Medverking: Gjennom barns medverking tek vi utgangspunkt i det dei interesserer seg for og spelar vidare på deira idear. Vi skal støtte barnas nysgjerrigheit og fantasifulle natur.

Trygghet: Øve sjølvstendighet heilt frå barna går på Killingen. Vi hjelper dei med å bli meir sjølvstendig i påkledding, måltidsituasjonar, uteleik, sosialt samspel og vi ønsker at dei skal ta vare på både seg sjølv og andre. Vi arbeider for å skape et miljø der barna føler seg trygge både fysisk og psykisk.

Friluftslivet og respekt for naturen er ein viktig verdi for oss. Gjennom arbeid med friluftsliv får barna erfaring og utfordringar med å være i naturen heilt frå Killingen til Solstua. Dei får lære å ta vare på og respektere naturen. Vi observerer og finner ut kva som lever i naturen og korleis årstidene påverkar livet.

Læring og utvikling: Vi skal støtte barnas nysgjerrigheit og læring gjennom leik og utforsking. Vi gir barna oppleving av både meistring og motgang.

Samarbeid: Samarbeide med foreldre, kollegaer og barn for barnas beste. Desse verdiane hjelper tilsette i barnehagen til å ta gode valg i kvardagen og bidra til barnas trivsel og utvikling.

Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

(Rammeplanen kap. 3)

Barnehagen sitt innhald skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og oppleve skaparglede, undring og utforskartrong. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng, og samla medverke til barn si allsidige utvikling.

Gjennom heile barnehageåret arbeider vi tverrfagleg med rammeplanen sine sju fagområde:

- Kropp, bevegelse, mat og helse.
- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Etikk, religion og filosofi.
- Miljø og samfunn.
- Tal, rom og form.
- Natur, miljø og teknologi.

Barnehagen ligg på Aksla og har ei eiga friluftsavdeling for dei eldste barna. Dei yngre barna i barnehagen nyttar også uteområdet til friluftsavdelinga til eks. turar. Det er derfor naturleg for oss å ha ekstra fokus på natur, miljø og teknologi.

Vi er ein barnehage som liker å være mykje ute. Gå korte og lange turar, oppleve og utforske naturen som barnehagen vår ligg i.

Vi gir moglegheiter til å nytte ulike reiskap, og utforske ulike material og samanhengar. Barnehagen er også miljøfyrårnsertifisert.

Omsorg

I Fagerlia barnehage er det viktig at alle barn opplever omsorg, både for kvarandre og i relasjon med oss tilsette. Vi skal heile tida gjere vårt beste for å vise omsorg, gje tryggheit, nærleik og føreseielege kvardagar. Evna til å gje og å ta imot omsorg kjem ikkje nødvendigvis av seg sjølv, difor må vi gå framfor og vere gode eksemplar gjennom å vise nærvær, tilgjengelegheit og rausheit overfor barna. Vi meiner at tydelege og føreseielege grenser, formidla på ein roleg og forklarande måte, er teikn på omsorg. Vi har klare rammer, men innanfor desse er vi fleksible og imøtekommande vaksne som har som mål å sjå kvart enkelt barn, kvar dag. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet og skal komme til uttrykk når barnet er i leik, får stell, måltid og påkledning.

I Fagerlia barnehage ønsker vi:

- Å vere fysisk og mentalt tilstades.
- Oppmuntre og styrke barns omsorg for kvarandre.
- Rettleie og støtte til sjølvstendigheit.
- Støtte til å kunne ta ansvar for egne handlingar.



Leik og læring

I Fagerlia barnehage ønsker vi å vere reflekterte medspelarar for barns leik. Vi ønsker å anerkjenne og verne om leikens læringsprosjekt. Vi ser at barn som leiker og er i «flyt» med eige prosjekt utstråler meistring, styrke og livsglede. Det betyr at vi må vere bevisst på kor viktig det er at vi legg til rette for at barna får tid, rom og utstyr til å finne inspirasjon til leik. Barna skal få moglegheita til å kjenne glede, humor, spenning og engasjement, åleine og saman med andre. Det er i leik at barna lærer.

Rammeplanen seier: «I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støtter opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre.» Leik er ein naturleg del av barns kvardag og er barnas verden. Der kan dei bestemme, dei kan vere katt, eller hund, eller baby, eller prinsesse. Det er ingen grenser og regler for kva du kan og ikkje kan vere i leiken. Det er barnas fristad. Her kan eit barn som er litt stille og roleg plutselig være gjort om til ein superhelt som kan fly! Barn bruker leiken til å omarbeide opplevingar, sette ord på følelsar og ufarleggjere



situasjonar, heilt på eigne premisser. Det er ingen som kan komme og sei at det dei tenker og gjer er feil. Barnet lærer mykje gjennom leik, men barnet leiker fordi ho har lyst, og ikkje fordi ho har eit mål. Leiken er meininga med livet for eit barn.

Leik knytast til at noko er morosamt, barna får glede og barna får lyst til å halde på med noko av eigen fri vilje, på eige initiativ. Dette gir oppleving av «flyt» i leiken. Sitat: «Leik er livsnødvendig alvor. Leiken er barnas føretrekte måte å tenke på. Den er med dei når livet er lett, men også når livet er vanskeleg», frå boka «Leikens betydning». Leiken er ikkje berre søt, roleg og harmonisk, men også ei avspegling av livets vanskar. Leiken er eit verktøy som barnet brukar for å arbeide seg gjennom opplevingar i kvardagen.

I leiken utviklast sosial kompetanse. Barna lærer å ta omsyn til andre og lærer kva dei andre barna forventar i leiken. Dei må vente på tur, lytte til andre og følgje spelereglane. Gjennom leiken formast vennskap mellom barna. Vennskap er svært viktig for psykisk helse, og ein beskyttande faktor med tanke på mobbing. Når vi veit kor viktig leiken er for barn, må vi evne og sjå når nokon fell utanfor. Dette krev vaksne som er tilgjengelege, som veit at leiken er viktig, og som legg til rette for at alle skal få vere med.

Nærleik til naturen gir ein allsidig læringsarena med variasjon av årstider, vêr, og materialar. Det gir barna moglegheit til innsikt i, og kunnskap om forandringar og prosesser i naturen og miljøet.

I Fagerlia barnehage er det fokus på vennskap og å skape gode relasjonar til kvarandre. Vi vil at dei vaksne samen med barna, skal reflektere over eigne handlingar og finne alternative løysningar i konflikhtar. Dei vaksne skal vere gode forbilde, vereause, ta seg tid, og vise humor og glede.

Gode relasjonar mellom barn og vaksne fremmar motivasjon for læring og utvikling.

Danning

I Fagerlia barnehage ønsker vi å støtte barna til å være nysgjerrige på verda og ha mot til å tru på seg sjølv, vere sjølvstendige og deltakande i fellesskapet. Vi ønsker å lære barn kor viktig fellesskap er, igjennom verdier og normer. Vi ønsker å anerkjenne, synleggjere og verdsette barns ulikheiter, ulike meiningar og følelsar i fellesskapet.



Livet som Barkebille

Barkebiller er førskulebarna som går på avdeling Solstua, et steinkast frå barnehagens hovudbygg. Dei er ute heile dagen, året rundt. Om vinteren startar vi dagen inne i treteltet, der elden sprakar lystig i peisomnen. Vi lesar, pratar, spiller brettspel og koser oss med medbrakt frukost. Resten av året startar vi gjerne dagen på bålplassen. Å sitje rundt eit bål og ete frukost saman med vennene dine, mens du ser sola står opp og farger himmelen rosa; er magisk for liten og stor!

Naturen gjev barna moglegheiter til motorisk utvikling, og barna får testa eigne grenser. Barna får erfaringar med hogst, spikking og snekring, og dei eig sin egen kniv. Dei får respekt for verktøy, elden frå bålet, for vêr og natur. Dei lærer å ta vare på naturen og miljøet, samt eigen og andre si sikkerheit. Motorisk meistring er viktig for utvikling av eit godt sjølvbilde, og det gir trygge og glade barn.

Barkebillene deltek i matlaging på bål, dei plukkar bær og frukt som nyttast bla til syltetøy eller saft. Nærleik til naturen gir ein allsidig læringsarena med stor variasjon. Det gir barna innsikt og kunnskap om forandringar og prosesser i naturen og miljøet. Barna leiker med naturmateriale, går på tur i skogen og klatrar i trea. Alle får same moglegheit til fysisk aktivitet og utvikling av ferdigheiter, både gutar og jenter. Vi har fokus på sjølvstendighet, respekt og barns medverking.

Vi erfarer at barna i Solstua får høg sosial kompetanse. Dei vise omsorg både for kvarandre, for dei vaksne og dei yngre barna i barnehagen.

Solstua gir barna sjølvstendighet og meistring i kvardagen, noko som kjem godt med vidare i livet.

Barnehagen sine satsingsområder

ReKomp – Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen 2024-2025

Regional ordning for kompetanseutvikling skal stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemyndighetene, barnehageeigarar, universitet og høgskular, Statsforvaltaren og andre aktørar.

Målet med planen er å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høgkvalitet som skal bidra til å nå sektormåla for barnehage og nå måla i kompetanse for framtidens barnehage.

- Denne hausten fortsette vi arbeidet med det fysiske miljø og rommets betydning for språkleg aktivitet. Dette året skal vi ha eit spesielt fokus på uteområdet.

Rammeplanen for barnehagar seier; “barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar lek både ute og inne.” I løpet av året vil vi jobbe med å utforme leikemiljø- og leikesoner både inne og ute. Vi ønsker at leikemiljøet skal kunne inspirere til meir variert lek; rollelek, lek med forskjellig tema og kunne skape relasjonar. I tillegg vil vi fremme eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek.

Miljøfyrtårn sertifisert barnehage

23. juni 2021 blei vi Miljøfyrtårn-barnehage.

For Fagerlia barnehage er eit av måla å gje ungane eit nært og godt forhold til naturen slik at dei vert glad i naturen og tek godt vare på den. Som Miljøfyrtårn skal vi bli betre på kildesortering, arbeide for mindre matsvinn, og auke innkjøp av økologiske produkt. Vi har som mål å drive berekraftig og etterlate oss eit mindre fotavtrykk i miljøet. For å nå måla må vi arbeide for gode haldningar hjå både tilsette, barn og foreldre.

Berekraftig drift er også å arbeide for eit godt sosialt miljø i barnehagen. Når barn og tilsette har ein god kvardag, bidreg det til meistring, utvikling og god helse. Vi ønsker ein kvardag der ein tek vare på kvarandre og vil kvarandre vel.

Språkplan Ålesund kommune

Språkplanen i Ålesund kommune er utvikla for å støtte alle som arbeider med barn i barnehagane, med mål om å gi barn eit godt språkleg fundament. Heile personalet har ei viktig rolle som initiativtakarar og deltakarar, ettersom språkutvikling kan skje i alle situasjonar og samanhengar i barnas kvardag. Språkplanen er tenkt å fungere som ein rettleiar for språkstimulering, dokumentasjon og vurdering av barnas språkutvikling og språktileigning.

Språkplanen er et verktøy for alle som arbeider i barnehagar i Ålesund og er tilgjengeleg på intern plattform.

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

I Fagerlia barnehage handlar barns medverking om å gi barna moglegheit til å påverke sin eigen kvardag. Medverking handlar om å bli spurt, bli lytta til og akseptert som kompetente. Vi ønsker at barnet skal føle seg verdt å lytte til, oppleve at andre er interessert i deira tankar og opplevingar, og erfare at det sjølv har noko å gi til andre.

For å kunne legge til rette for barns medverknad er det dei vaksne sitt ansvar å sørge for at barna får påverke sin eigen kvardag.

Gjennom arbeid med observasjon og vurdering så kan vi heile tida justere arbeidet vår ut i frå barnas perspektiv, meningar, synspunkt og behov. Barna skal erfare at det er rom for å komme med eigne idear, og oppleve å bli høyrte. Vi ønsker og at sjølv om vi har faste rutinar og planar så skal det være rom for spontanitet og fleksibilitet i kvardagen. Slik skapar vi magiske augeblikk saman.

Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg

(Rammeplanen kap. 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er samansett av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

God kontakt mellom heim og barnehage er viktig for å skape trygghet for barna. Vi ønsker dagleg kontakt med foreldra i bringe- og hente-situasjonen. Det er viktig å skape gjensidig tillit slik at vi kan snakke om det som gjeld barnet. Det er viktig at vi får informasjon om plutslege endringar i barnets liv, for eksempel

flytting, dødsfall, samlivsbrot el. Dette er hendingar som kan påvirke barnet, og vi ønsker derfor dialog der barn ikkje er til stades. Ta kontakt med pedagogisk leiar eller styrar.

Vi tilbyr foreldresamtale for det enkelte barn to gonger pr. barnehageår. Dersom nokon ønsker samtale med oss utover dette, ber vi om at de tek kontakt. Dersom det er ting om barnet vi treng å ta opp med dykk, kallar vi inn til samtale. Gjennom deltaking i foreldreråd, samarbeidsutval, foreldremøte og brukarundersøkingar sikrar vi foreldremedverking i barnehagens arbeid. Vi gjennomfører foreldremøte avdelingsvis på hausten. Samarbeidsutvalet består av representantar frå foreldre, tilsette og styrar i barnehagen.

Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Samarbeidsaktørar særskilt for Fagerlia barnehage er Høgskulen i Volda, Fagerlia vidaregåande skule, opplæringskontoret for lærlingar og Ålesund svømmeklubb.

Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt

Barnehagelova § 20 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 22 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det finns mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalla meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverje, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverje ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det framleis er mogleg, og det stend fram som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil skje. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.

Overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

(Rammeplanen kap. 6)

I Fagerlia barnehage gjer vi det slik:

Ei god tilvenning i barnehagen er viktig for at barnet skal få ein best mogleg start i sin nye kvardag. Ein mjuk start gir eit godt grunnlag for ein god barnehagekvardag. Dette gjeld særskilt for dei yngste barna, der barnehagen ofte er barnet sitt første møte med eit miljø utanfor heimen.

I Fagerlia barnehage har vi ein «bli kjent dag» på forsommaren. Der kan barn og foreldre kome å gjere seg kjent med barnehagen, og få helse på personalet som er på avdelinga barnet skal starte på.

Tradisjonelt vert det sett av tre dagar til tilvenning. For nokre er dette nok og andre treng meir tid. Vi avtalar individuelt korleis vi gjennomfører tilvenninga slik at starten vert best mogleg for kvart enkelt barn og foreldra. Trygge foreldre gir trygge barn.

Å sørge for at barnet får en positiv oppleving av barnehagestarten, sikra langt på veg barnets vidare trygghet og trivsel i barnehagen. Ein god start er til det beste for barn, foreldre og personalet.

Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe

(Rammeplanen kap. 6)

I Fagerlia barnehage gjer vi det slik:

Barn som allereie gjeng i barnehagen vil ha behov for gradvis tilvenning når dei skifter avdeling. Her legg vi til rette for besøksdagar på den avdelinga barnet skal starte på. For at overgangen skal bli best mogleg, er det tett dialog og samarbeid mellom gammal og ny avdeling.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga

(Rammeplanen kap. 6)

I Ålesund kommune er det utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følg.

I Fagerlia barnehage gjer vi det slik:

For å førebu barna på skulen vil vi å ha fokus på sjølvstendighet som f. eks å kle på seg sjølv, gå på do sjølv, og på sosial kompetanse. Vi bruker Barkebillebøkene der barna teiknar til ulike aktivitetar og turar dei har deltatt på.

I arbeidet med brannvern og førstehjelp, bruker vi læringsopplegget om Bjørnis og Henry.

Er der utfordringar som enten vi i barnehagen eller de foreldre ser at er viktig at skulen får informasjon om, tek vi det på foreldresamtalen. De foreldre nå samtykke for at vi skal kunne dele informasjon med skulen.



Ålesund kommune har utgitt eit hefte i forhold til overgang barnehage – skule. Heftet tek utgangspunkt i samarbeid mellom barnehage, skule og føresette for å sikre barn si utvikling og læring med det hovudmål at barna skal møte godt førebudd og trygg til skulestart.

https://alesund.kommune.no/_f/p1/i08dfe03a-4135-4f98-a333-978fe4e02322/overgang-fra-barnehage-til-skule-2021.pdf

Barnehagen som pedagogisk verksemd

***Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd
som skal planleggast og vurderast.***

Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane
(Rammeplan kap. 7)

Planlegging

***Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og
planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og
allsidige utvikling, individuelt og i gruppe***

(Rammeplan kap. 7)

I Fagerlia barnehage gjer vi det slik:

I starten av kvart barnehageår legg vi vekt på å vurdere barna sin trivsel, interesser og den allsidige utviklinga deira ved hjelp av tilpassa observasjonsmateriell og felles refleksjon.

Vi arbeider i denne prosessen med å sette ord på kva styrker, utfordringar og behov den aktuelle barnegruppa har. Vi vel deretter aktuelle fokusområde for barnegruppa, med relevante mål og tiltak for å skape kontinuitet og progresjon. Styrar og pedagogiske leiarar legg føringar for fokusområde / satsingsområde og årshjul i årsplan og vi utarbeider felles møteplan for avdelingsmøter, pedagogmøter og personalmøter.

Pedagogiske leiarar har ansvar for å utarbeide periodeplanar for avdelinga/barnehagen som gjenspeglar barnehagen sine overordna planar og barnegruppa sine behov. Styrar og pedagogiske leiarar utarbeidar årshjul for pedagogisk arbeid, tradisjonar og viktige datoar.

Det utarbeidast egne mål og tiltak i samband med tilretteleggingsmidlar og minoritetsspråklege midlar. Årshjulet vert konkretisert i periodeplanar og vekeplanar gjennom året. I barnehagen kan det og oppstå behov for tettare oppfølging av barn, barnegrupper eller faktorar i omgjevnadene i kortare eller lengre periodar. Systematisk arbeid og tidlege tiltak knytt til dette kan bidra til å hindre ei negativ utvikling, og vi prøver å finne så konkrete og målretta mål som råd. Her nyttar vi verktøya «Mal for undring» og «Mal for Frå undring til tiltak». Malane skal vere til hjelp i personalet sine prosessar frå tidleg undring over til undersøking, analyse, tiltak og evaluering.

Vurdering

Hovudføremålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift

(Rammeplan kap. 7)

I Fagerlia barnehage gjer vi det slik:

Vurdering av arbeidet i barnehagen er ein viktig del av verksemda. Personalet vurderer arbeidet jamleg. Vi bruker avdelingsmøter, pedagogmøter, assistentmøter og planleggingsdagar på å vurdere vårt arbeid. På denne måten kan vi lære av eigen praksis, noko som bidreg til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.

Vurderingsarbeidet er med å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Dette bidreg til eit godt utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

Foreldra er viktige medspelarar i denne prosessen og foreldra har rett til innsyn og påverknad. Dette er det lagt til rette for i samarbeidsutvalet, foreldremøte - og foreldresamtaler.

Kvart andre år har vi ei brukarundersøking. Undersøkinga er utarbeida av Utdanningsdirektoratet, som samlar inn og systematiserer informasjonen. Vi får ei oppsummering av brukarundersøkinga, og dette dannar grunnlaget for korleis vi skal arbeide vidare. Denne oppsummeringa skal vise korleis de som foreldre oppleve barnehagen og vår innsats.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om egne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.

(Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjon er en nyttig reiskap for personalet i forhold til vurdering og vidare utvikling.

Her i Fagerlia barnehage dokumenterar vi ved bruk av: bilde, månadsplanar, dagsoppdatering på tavler i garderobane og IST, og utstilling av barnas arbeid. Barkebillene, barnehagens førskolebarn, har også egne permar/bøker der kvardagen frå livet i Solstua vært dokumentert. Dokumentasjon skal også synleggjere korleis vi arbeider i forhold til progresjon, dvs. korleis vi legg til rette i forhold til barna sin alder, utvikling og behov. Dokumentasjon skal sikre at barnehagen sine planar for det pedagogiske arbeidet gjennomførast i praksis, og den skal medverke til økt bevisstheit rundt det praktisk- pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.

(Rammeplan kap. 7)

Ålesund kommune ynskje å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbudet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

Vi skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte så raskt som mogleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er naudsynt for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Vi observerer stadig barna og barnegruppene, og legg til rette i kvardagen for at alle får gode vilkår ut frå eigne behov og føresetnader.

Vi er tett på barna i alle situasjonar og reflekterer rundt kva barna treng av oss. Dette kan vere å dele i mindre grupper, ha tilsette ekstra tett på, ulike måtar å møte barnet på, ulike hjelpemiddel, materiell/utstyr, jobbe med ulike tema og liknande. I Fagerlia

barnehage er eit godt foreldresamarbeid avgjerande når det gjeld alle barna. Hjå barn som treng ekstra støtte har vi regelmessige møter både med foreldre aleine og saman med aktuell instans som til dømes helsestasjon, PPT, ressursbasen og så bortetter. Dersom vi trur at eit barn treng ekstra støtte i kvardagen vil foreldre alltid bli informert før vi tek kontakt med andre instansar. Det er mykje god hjelp å få. Ofte er det vi i personalet som treng litt rettleiing og eit blikk utanfrå for å sjå kva akkurat det barnet eller barnegruppa treng akkurat no. Vi har eit eige fagsenter samt eit småbarnsteam som vi kan ta kontakt med for å få drøfte saker.

Aktivitetsplikten Barnehagelova §41, 42 og 43

I Fagerlia barnehage er alle tilsette kjend med barnehagelova sine § 41, 42 og 43 som handlar om å sikre eit trygt og godt psykososialt miljø for alle barn i barnehagen. Desse paragrafane gjev tydelege føringar for korleis tilsette skal forebygge, oppdage og handtere krenkelsar og mistrivsel blant barna.

Vi bruker videoar frå veilederen.no på personalmøter, og drøfter korleis vi skal handtere ulike saker.

✓ § 41 – Nulltoleranse og forebyggande arbeid

Innhald: Barnehagen skal ha nulltoleranse for krenkelsar som mobbing, utestenging, vald, diskriminering og trakassering. Alle tilsette har plikt til å gripe inn og forebygge slike hendingar.

✓ § 42 – Aktivitetsplikt

✓ § 43 – Skjerpa aktivitetsplikt

Innhald: Dersom ein tilsett får mistanke om at ein anna tilsett krenkar eit barn, skal det straks meldast til styrer. Om mistanken gjelder styrar, skal det meldast til barnehageeigar.

Ålesund kommune har ein eigen plan som heiter "Plan for trygt og godt psykososialt barnehagemiljø". Planen skal gi ei oversikt over det systematiske arbeidet som gjerast, og samtidig vere eit verktøy som viser korleis vi kan arbeide for eit trygt og godt barnehagemiljø.

Målet med planen er:

- Å bidra til å auke personale sin kunnskap om førebygging, avdekking og handtering av mobbing og anna krenkande åtferd, jf. kapittel VIII i barnehagelova.
- Å bidra til ein samanheng mellom lovtekst og pedagogisk praksis i barnehagen.
- Å bidra i arbeidet med å fremje helse, trivsel, leik og læring for alle barn.
- Å bidra til eit miljø i barnehagane med nulltoleranse for mobbing og andre krenkelsar blant både barn, tilsette og foreldre.



Arbeidsmåttane til barnehagen

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø (Rammeplan kap 8)

I Fagerlia barnehage gjer vi det slik:

Progresjon Killingen 1-2 år

Tryggheit – Trivsel

For dei yngste barna i barnehagen er trivsel og tryggleik sjølve fundamentet for all vidare utvikling og læring. Målet vårt er at kvart enkelt barn skal oppleve barnehagen som ein trygg, føreseieleg og positiv stad. Utviklinga av trivsel og tryggleik skjer gradvis. Tilvenningsperioden vil difor vere ulik frå barn til barn. Vi er opptekne av at de som foreldre/føresette skal oppleve barnehagen vår som ein trygg og god stad.

Vår pedagogiske tilnærming til trivsel for dei yngste 1–2-åringane er å sikre ei trygg og gradvis tilvenning i tett samarbeid med foreldra. Vi etablerer faste rutinar for å skape føreseielege rammer. Vi er tilgjengelege og tilbyr rikeleg med fysisk nærleik og trøyst, og nye inntrykk blir introduserte gradvis.

I Fagerlia barnehage jobbar vi med barnas trivsel gjennom kontinuerleg observasjon og dokumentasjon av barnet si trivsel og tryggleik. Dette er avgjerande for å kunne tilpasse det pedagogiske arbeidet vårt til kvart enkelt barn. Kvart barn er unikt og utviklar seg i sitt eige tempo. Eit nært samarbeid med foreldra og jamleg observasjon er difor viktig for å sikre at kvart enkelt barn opplever den tryggleiken og trivselen som er naudsynt for ein god kvardag. Vi har som mål å kunne tilpasse oss dei individuelle behova til barna, noko som bidreg til å skape eit inkluderande og støttande miljø.

Språk

I barnehagen anerkjenner vi at språkutvikling er eit grunnleggjande element i den heilskaplege utviklinga til barna, og dette gjeld særleg dei yngste barna. Vårt fokus er å skape eit rikt og stimulerande språkmiljø som legg grunnlaget for vidare språklæring. Vi legg til rette for språkutvikling gjennom tydeleg og medviten kommunikasjon; personalet snakkar roleg, tydeleg og variert med barna gjennom heile dagen. Vi set ord på det vi ser, gjer og opplever saman. Vi introduserer barna for bøker med store bilete og enkle tekstar. Ved å peike, nemne og repetere ord i bøkene bidreg vi til å utvide ordforrådet og forståinga til barna. Song og rim er effektive verktøy for språklæring. Vi er merksame på barnas ulike kommunikasjonsformer i arbeidet vårt med språk og språkutvikling.

Natur, miljø og teknologi

For dei aller yngste utforskarane handlar natur, miljø og teknologi om å oppdage verda rundt seg med alle sansar – både ute, inne og til alle årstider. Det handlar om å kjenne regndropar som fell, lukte på blomar og lytte til fuglesong. Vi utforskar sand, steinar, kvistar og lærer at alt i naturen heng saman.

Teknologi for dei yngste er alt frå å trykke på knappen for å skru på lyset, til å lytte til musikk frå ein høgtalar. Det handlar om å forstå at ulike reiskap har ulike funksjonar. Målet er å vekkje nysgjerrigheit og undring over verda vi omgjev oss med – både den naturlege og den menneskeskapte.

Progresjon Geita og Bukken 2–4 år

Tryggleik og trivsel

I Fagerlia legg vi til rette for progresjon gjennom bruk av mellom anna dagtavle og deling av barnegruppa. Dagtavla gir oversikt og føreseielege rammer gjennom veka. Vi deler i små grupper for å skape ro og tryggleik, og det blir lettare å sjå kvart enkelt barn – noko som igjen fremjar relasjonar og tryggleik.

Sommarfuglar (2–3 år)

Progresjon for Sommarfuglane når det gjeld tryggleik og trivsel liknar mykje på det som skjer i småbarnsavdelinga; barnet etablerer ein trygg relasjon til faste vaksne og utforskar omgjevnadene med ein trygg vaksen i nærleiken. Dei treng føreseielege rammer og gode rutinar for å kjenne seg trygge. Vi arbeider gradvis med å utforske barnehagen sine tur- og nærmiljø, også om vinteren.

Tusenbein (3–4 år)

Tusenbeina viser større sjølvstende i lek og kvardagslege situasjonar, søker sosial kontakt og byrjar å delta i rolleleik. Dei forstår og uttrykkjer kjensler i større grad, og viser aukande evne til å følgje enkle reglar og samhandling i grupper. Vi legg til rette for at barna skal kjenne seg trygge nok til å uttrykkje eigne ønskje og behov. Dei får i større grad delta aktivt i daglege rutinar og aktivitetar. Dei får støtte til å bli meir sjølvstendige; hentar eigne klede og kler på seg sjølve i større grad. Barna går på lengre turar og kan vere lenger borte frå barnehagen.

Tordivlar (4–5 år)

Tordivlane har etablert gode relasjonar til både barn og vaksne. Dei viser omsorg og tek initiativ i lek og samarbeid. Barna handterer små konflikhtar med støtte frå vaksne, og deltek i planlegging og refleksjon rundt aktivitetar. Dei har betre oversikt og forståing for kvar ting høyrer heime på avdelinga. Tordivlane har lengre økter knytt til aktivitetar. Dei drar på lengre turar utanfor barnehagen, som til dømes til biblioteket eller til Volsdalsberga.

Språk

Sommarfuglar (2–3 år)

Vi arbeider med språk kvar einaste dag gjennom heile året. Vaksenrolla er viktig – vi er språkmodellar for barna, og vi set ord på handlingar, tankar og kjensler. Høgtlesing støttar dette arbeidet, og vi nyttar barnehagebiblioteket. Vi les bøker som passar til dei ulike temaa vi arbeider med gjennom året. Gjennom samlingsstunder får barna kjennskap til ulike eventyr, songar, rim og regler. Dette utvidar ordforrådet, omgrepsforståing og språkforståinga til barna.

Tusenbein (3–4 år)

Barna utvidar ordforrådet raskt, og dei klarer å halde på konsentrasjonen lenger når vi fortel eventyr og les bøker. Dei dannar meir komplekse setningar og deltek i lengre samtalar med både jamaldringar og vaksne. Dei byrjar å forstå omgrep knytte til tid, rom og mengd. Dei er nysgjerrige på ord og uttrykk, og likar å høyre på og gjenfortelje forteljingar og rim.

Tordivlar (4–5 år)

Har utvikla eit rikt språk for å uttrykkje tankar og kjensler. Barna brukar språket aktivt i lek, problemløysing og læring. Dei har ei forståing for humor, reglar og enkle metaforar. Interesse for bokstavar, bøker og skriftspråk aukar, og dei eksperimenterer med språklyder og rim.





Natur, miljø og teknologi

I barnehagen utviklar barna forståing og nysgjerrigheit for natur, miljø og teknologi gjennom leik, utforsking og praktiske erfaringar. Vi legg til rette for progresjon med utgangspunkt i det enkelte barnet sine føresetnader. Dei yngste blir kjende med naturen gjennom sansane; dei observerer og utforskar omgjevnadene i barnehagen og nærmiljøet. Dei eldre barna byrjar ofte å stille spørsmål og undre seg over ting i naturen – naturfenomen, plantar, dyr og insekt. Vi prøver ut enkle eksperiment som gir oss betre forståing av kvifor ting er som dei er. Vi følgjer prosessen frå frø til ulike vekstar. Vi studerer insekt og dyr vi finn ute i barnehagen eller på tur i nærmiljøet.

Vi arbeider med miljøvern, der barna får innsikt i kvifor vi sorterer søppel og korleis vi kan ta vare på naturen rundt oss. Vi har ekstra søkelys på dette kvart år under miljøvekene, som er i tråd med barnehagen sin Miljøfyrtårn-sertifisering.

Progresjon Solstua 5-6 år

Tryggleik og trivsel

I forkant av året som Barkebille – som dei eldste i Solstua blir kalla – har barna vore i skogen fleire dagar i veka gjennom året. Dette for å bli endå betre kjende med området, grensene og reglane for det kommande året i skogen.

Tidlegare Tordivlar har i løpet av eit heilt år fått øve seg på å vere i skogen saman med dei eldste barna, altså Barkebillene. Året før barna startar i Solstua, er dei der 1–2 dagar i veka. Dette startar vi med allereie i august, ved byrjinga av barnehageåret. I Solstua er det tydelege rammer og grenser. Dei tilsette har god tid til kvart enkelt barn, med færre avbrot og overgangar.

Barna blir vist stor tillit, og dei utviklar sjølvstende og meistring i kvardagslege situasjonar. I løpet av året i Solstua får barna utfalde seg motorisk og øve på å vurdere risiko. Risikoleik er ein stor del av kvardagen i skogen.

I Solstua snakkar vi mykje om korleis vi skal vere mot kvarandre, og om korleis vi sjølve blir oppfatta av andre. Dei yngre barna lærer av dei eldre, og dei leikar på tvers av alder. Vi jobbar for at barna i Solstua skal vere gode førebilete for dei yngre.

Éin dag i veka, over åtte veker, har barna vanntilvenning på Bybadet i regi av kommunen. Dette skjer i august/september. Målet med aktiviteten er å gjere barna trygge i vatn, oppleve meistring og ha det kjekt saman.

Språk

Vi bruker visuelle verkemiddel med bilete av dyr, fuglar, bokstavar og i temaarbeid. Vi nyttar naturen aktivt som læringsarena, og brukar mykje tid på samtale, song og lesing. Alt dette bidreg til å gi barna eit rikt ordforråd, god språkforståing og progresjon.

Vi har gruppedagar der barna jobbar med ulike tema over lengre tid – dette gir gode moglegheiter til å lære nye omgrep.

I Solstua arbeider vi aktivt for at barna skal:

- Bruke meir komplekse setningar og grammatiske strukturar, og kunne fortelje meir samansette historier.
- Utvikle betre kommunikasjonsferdigheiter.
- Bruke språket meir aktivt i leik og sosiale samanhengar.

Natur, miljø og teknologi

I Solstua får barna eit mangfald av naturopplevingar, og skogen er ein arena for både leik og læring. Barna får kjennskap til naturen og alt som veks og lever der. Dette gir dei kunnskap, forståing og respekt for naturen.

Barna i Solstua går på lengre turar i nærområdet, dei kan gå heilt inn til byen, og dei opplever meistring med slike turar.

Dei får høve til å leite aktivt etter, og studere, fuglar, småkryp og insekt på nært hald. Vi samlar søppel når vi er på tur og tek det med tilbake slik at vi kan kildesortere det. Vi samlar òg tomflasker og går til butikken for å pante. Då får barna erfare kva som skjer når ein pantar flasker – og kanskje kjøper vi noko godt for pengane vi får.





Fagområda

Fagerlia barnehage sitt arbeid med dei sju fagområda.

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur, og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Mengd, rom og form.
- Etikkreligion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

I vårt arbeid gjennom året, flettast alle fagområda naturleg inn i pedagogiske aktivitetar, kvardagsaktiviteter og barnas leik. Utfyllande informasjon om fagområda finnes i Rammeplan for barnehagar. Vi organiserer dagane slik at vi vekslar mellom periodar med ro, aktivitet og måltid. På denne måten kan barna tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskap når det gjeld kost, hygiene, aktivitet og kvile.

Vi har valt å utdjupe ekstra om fagområda **Kommunikasjon, språk og tekst** og **Natur, miljø og teknologi**, og om **Trygghet og trivsel**.

Dette ligg under avsnittet om progresjon.

Årshjul

August	22. august	Planleggingsdag	Personalet har planleggingsdag og barnehagen er stengt.
	26. august	Foreldremøte	Killingen og Solstua
	27. august	Foreldremøte	Bukken og Geita
	Uke 34	Vanntilvenning	Vanntilvenning på Bybadet for barna i Solstua. Ein gong i veka i 8 veker. Oppstart veke 34.
September	Uke 38	Nasjonal brannvernveke	Denne veka er brannvern tema i samlingsstunda, vi syng songar om temaet og vi har brannøving. Kanskje kommer Bjørnis på besøk.
	22. september	Planleggingsdag	Personalet har planleggingsdag og barnehagen er stengt.
Oktober	24. oktober	FN-dagen	FN-dagen blir markert og arbeida med i oktober.
	Uke 42 og 43	Barns rettigheter	
November		Vennskap i barnehagen	Målet er å fremme vennskap og omsorg for kvarandre.
Desember	12. desember	Lucia	Vi markerer Lucia-dagen med Luciatog og song av barna. Vi tenner bål og serverer gløgg, lussekatter og julekaker. Foreldre blir invitert.
	Dato kjem når det nærmar seg desember.	Nissefest i Gavla og i barnehagen	Denne tradisjonen er frå då barnehagen starta i 1993, og er eit samarbeid med Sunnmøre museum og Fagerlia vidaregåande skule. De eldste barna er med til museet, mens dei andre har nissefest i barnehagen.



Januar	2. januar	Planleggingsdag	Personalet har planleggingsdag og barnehagen er stengt.
Februar	Januar og fram til 6.2.	6. februar, samefolkets dag	I tida før dagen lærer vi om samefolkets kultur, og markera dagen med tradisjonell mat og ulike aktiviteter.
Mars	10. mars	Barnehagedagen	Den nasjonale barnehagedagen blir markert i midten av mars. Slagord: La leken leve!
	Veke 9 og 10	Miljøveke	Vi er opptatt av å skape verdier, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn.
	21. mars	Rokke-sokkdagen	Verdsdagen for Downs-syndrom
	15. mai	Planleggingsdag	Personalet har planleggingsdag og barnehagen er stengt.
Mai	13. mai	17. mai-feiring	Vi feirar Norges nasjonaldag den siste kvardag før 17. mai. Vi går i tog i nærområdet, har ulike 17. mai-leiker og serverer pølser og is.
Juni		Kulturdag og avslutning for barkebillene	Vi inviterer alle foreldre til en felles dag der barna viser kva dei har vore med på gjennom året. Barna underheld, og vi serverer mat og drikke.
	15. juni	Planleggingsdag	Personalet har planleggingsdag og barnehagen er stengt.
	23. juni	Midtsommarfest	Barna kjem utkledd til barnehagen denne dagen. Vi har i fantetog Fager og barna spiller musikk og syng, og arrangerer ulike aktiviteter saman med barna.
Juli	Veke 29,30, 31	Feriestengt	God sommar



Kontaktopplysninger Fagerlia barnehage

Fagerlibakken 11, 6008 Ålesund

Styrer Turid Stette tlf. 951 37 298

E-post styrer: turid.stette@alesund.kommune.no

Verksemdsleiar Marthe Lundemo tlf. 415 18 135

E-post: Marthe.Lundemo@alesund.kommune.no

Avdeling Killingen: mobil 409 06 625

Avdeling Geita: mobil 409 06 283

Avdeling Bukken: mobil 409 06 306

Avdeling Solstua: mobil 409 06 282

Kjelder

Rammeplan for barnehagen: <https://bit.ly/2RloJJp>

Barnehagelova: <https://bit.ly/2yd6svp>

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FNs berekraftmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>